

# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** 6. mars 2008, kl. 09:00 – 14:00

**Stad:** Gol, Gol kommunehus

### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Terje Moen som regionkontakt frå Buskerud fylkeskommune.

---

### **SAK 18/08 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 29.2.2008**

#### **Vedtak**

Møteprotokoll 29.februar 2008 vart vedteke.

### **SAK 19/08 GJENBRUKSSTASJON KLEIVI**

Utgangspunktet for saka er eit konkret forslag om å etablere gjenbruksstasjon i Hallingdal, i fyrste omgang i Kleivi, og i samarbeid med Vinn Hallingdal.

I samband med saka deltok m.a: Styre i Hallingdal Renovasjon og dagleg leiar, dagleg leiar Vinn AS Hallingdal, næringskonsulent Ål kommune, prosjektleiar Vinn – Vinn prosjektet og kommuneoverlege Hol og Ål.

Med bakgrunn i presentasjon (vedlagt) og drøftingar, vart det konkludert med at:

Det er stor interesse for å etablere gjenbruksstasjon for heile Hallingdal i Kleivi, med eventuelt liknande tiltak for Nedre Hallingdal på eit seinare tidspunkt.

Hallingdal Renovasjon tek på seg ansvaret for å føre prosjektet vidare.

### **SAK 20/08 SKJØNNSMIDLAR FRÅ FYLKESMANNEN, 2008 – PRIORITERING AV PROSJEKT**

#### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vil prioritere følgjande prosjekt for tildeling av skjønnsmidlar for 2008:

- Adferdsproblematikk i grunnskula kr. 500.000,-
- IKT – Serviceanalyse tenestebeskrivingar kr. 350.000,-
- IKT - Sentralt nett kr. 150.000,-

## **SAK 21/08 NASJONAL TRANSPORTPLAN 2010 - 2019, DRØFTING**

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal rår til at drøftingsnotatet til høyringsuttale for NTP 2010 – 2019 blir drøfta i den einstilte kommune. Regionrådet håpar kommunane sluttar seg til prinsippa i uttala og at kommunane kjem med innspel til uttale.

Regionrådet ynskjer at uttale til NTP blir handsama på Hallingtinget 2-3-.april 2008, med ei felles uttale frå alle kommunane.

## **SAK 22/08 OMVISNING OG INFORMASJON OM HALLINGDAL KRISESENTER**

Regionrådet fekk ei god og grundig orientering om Hallingdal Krisesenter, og om utfordringar, spesielt i forhold til behovet for eit større og betre tilrettelagt senter.

Dette blir det arbeidd vidare med i 2008 for å finne ei god løysing. Framleis er det slik at staten dekkjer 80% av utgiftene, også til eventuelt nytt bygg.

## **SAK 23/08 REKNESKAP 2007**

Regionrådet vart orientert om rekneskapet for 2007, som ikkje er endeleg og som førebels ikkje har vore til revisjonshandsaming.

Rekneskapet blir lagt fram på Hallingtinget utan at det blir handsama av Regionrådet på førehand.

## **SAK 24/08 ÅRSMELDING 2007**

Årsmelding til Regionrådet blir lagt fram direkte for Hallingtinget.

## **SAK 25/08 ORIENTERING HALLINGDAL NÆRINGSKAGE**

Saka vart utsett og blir teke opp på neste møte i Regionrådet.

## **SAK 26/08 EVENTUELT**

Kommuneoverlege i Hol og Ål, Øystein Lappegard, orienterte om eit aktuelt nettverksprosjekt som Engerdal og Trysil kommune har teke initiativet til (vedlegg).

Engerdal og Trysil kommune har søkt Sosialis- og helsedepartementet om prosjektmidlar til eit prosjekt som omhandlar samarbeid innan samfunnsmedisin og allmenntilleggsmedisin. Dei har teke kontakt med Hallingdal og Senja om å inngå i det aktuelle prosjektet i eit nettverk, der ein kan lære av erfaringar hos kvarandre og prøve ut nye tiltak i ulike regionar.

Bakgrunnen for prosjektet er manglande stabilitet i legestillingane og stort forbruk av vikarar og manglande søkar til kommunelege. Utgangspunktet for eit utviklingsprosjekt er å sikre eiga legeteneste.

Tiltaket vil kunne passe godt inn i forhold til delmål 4c i Strategisk plan for Hallingdal: *”Utgjeie eit nærare samarbeid innan samfunnsmedisin i Hallingdal, med bakgrunn og erfaringar frå andre regionar.”*

Det blir og vurdert at prosjektskissa vil kunne ha ei naturleg kobling til Hallingforsk og Hallingdal sjukestugu.

Regionrådet uttrykte seg positivt til tiltaket.

Ål 12.3.2008

Knut Arne Gurigard

Regionrådet for Hallingdal

Dagleg leiar

Vedlegg